

Referat FAU møte 01.02.2023.

Tilstades: Sondre Aas Selle, Wenche Elin Midttun, Liv-Jorunn Bjordal, Kristina Nicholls, Hanne Margrethe Haugland, Jan Robert Fylkesnes

Meldt fråfall: Ragnhild Vad

Frå Skulen: Rektor Kesia Tabitha Sowerby Palmer

Stad: Litlabø Skule

Referent: Jan Robert Fylkesnes

Dette er det 3. FAU møtet for skuleåret 2022/2023.

1.) Evalueringa av foreldre- og elevundersøkinga

Foreldre undersøkinga vart delt med FAU for snittet på skulen og resultatata av undersøkinga blir gjennomgått. Det er mange områder skulen scorar bra på undersøkinga og total-resultatet er ikkje dårleg. Endå ser skulen at de kan jobba meir med informasjonsflyt mot foreldra, to særskilde tema vart tekne opp:

- Informasjon om saksgangen i mobbesaker
- Informasjon om tilpassa opplæring

Rektor informerer også om at kontaktlærar jobbar også med resultatata frå undersøkinga per klasse.

Resultatet frå elevundersøkinga for 5 til 7 klasse er ikkje heilt klare enda, men en kan sjå ein trend i fallande resultat på Litlabø, som også gjenspeglar resultatata på landsbasis.

Skulen vil også fortsetja å jobba med å samarbeida med foreldra. Det kan for skulens del, virka som foreldra set lista litt høgt for å ta kontakt med skulen.

2.) Evaluering Satsingsområde

Skulen jobbar med fokus på lesing og leseglede. Det har vore iverksetting av tiltak i skulebiblioteket med investering i nye bøker til 25 000 kroner. Elevar frå 4. til 7. klasse er med å organisera og handtera skulebiblioteket.

Skulen jobbar mykje med trivsel på skulen. Blant tiltaka som er gjort, kan ein nemna vakthald av vaksne i utetida, innkjøp av VR briller og sparkesykkelinisiativ. Som eit tiltak til fallande resultat i elevundersøkinga skal skulen prøve «Snu-dag» som er noko skulen iverksette for å skape ein følelse av at noko i klassemiljøet blir endra til det betre for trivselen, og det skal kjennes som ein umiddelbar endring frå tidspunktet ein iverksett endringa. Elevar og foreldra blir ikkje informert på førehand om kva ein tenkjer endra på, slik at ein ikkje kan førebu kjensla.

Vidare jobbar skulen mykje med «overgangar» for elevane. Eksempelvis ved overgang frå å vera ute til inne.

3.) Evaluering Nasjonale prøver

Skulen scora relativt likt som snittet på landsbasis, med nokre element litt betre enn snittet på landet, som eksempelvis i engelsk, mens skulen scora noko dårlegare på lesing. Dette gir gode grunnlag for vidare arbeid med forbetring.

4.) Status felles foreldremøte.

Planleggja med felles foreldremøte med fagleg innhald med Sagvåg Skule og Tjødnalio Skule fortsette. FAU leiar har prata med FAU på dei andre skulane, dette initiativet er noko som har blitt positivt teke imot.

FAU konferere med rektor for å finna tema som kan treffa dei fleste i målgruppa. Gode tema kan gjerne vera «uro» eller «grensesetting». Det kjem forslag om å sjekke «Barnevakten.no», dei tilbyr foredrag i forskjellige former og innhald.

5.) Ymse

Rektor tok opp at det var ein upresis artikkel i ei av de lokale avisene om at Litlabø Skule kostar mykje meir å vedlikehalde enn dei andre skulane i kommunen. Det er jo slik at Litlabø er den eldste skulen i kommunen og har eit etterslep på vedlikehald, men dei verst råka områda av skulen er tekne ut av drift. Artikkelen skal ha sitt utspring frå ein ny rapport frå teknisk avd. i Stord Kommune som har gjort ein vurdering av kostnader for å ta igjen all etterslep på vedlikehald hos de forskjellige skulane i Stord kommune.

Rektor informerer om at Litlabø skule har klagt inn sak, for det ein meina er urettmessig tildeling av tid i svømmehall.

Rektor informerer om ein episode i vinter, der ein u-ønska person oppheldt seg på skuleplassen innafor skuletida. Trass i oppfordringa frå tilsette på skulen om å forlate området, ville ikkje vedkommande etterleve dette. Difor vart politiet kontakta som ein del av responsplanen til skulen. Vedkommande byfant seg på skuleplassen dagen etter, og politiet fekk bortvist han frå området. Han har ikkje blitt observert på skuleplassen igjen. Spørsmål kom frå FAU til rektor om politihendinga ved ein privat bustad ved buss-stoppet til skulen dagen etter, men dette har vore ein hending som skulen ikkje har kjennskap til eller fått informasjon om.

FAU informerer om opplevingar av taxi som leverer og hentar ungar på skulen viser stadig uvørden køyring med høg fart mellom busshaldeplassen og skuleplassen. Dette er kjent for skulen og taxi-selskapet har vore kontakta før, og vil bli kontakta igjen.

Avslutningsvis i møtet informera rektor om at hu har søkt ny jobb i den ledige stillinga som rektor ved Nordbydo ungdomskule.